

Tre utskremde tilsette frå klubben ved Uskedalen oppvekstsenter reiste til Husnes på folkemøte der vi kom, høyrde og reiste heim att ganske overgjevne. Mykje har vi høyrte før. Men vi lurte veldig på om store skular berre er bra, at alt stort er godt? Det var dessutan eit innlegg som var til ettertanke. «Det var snakk om at no måtte lærarane koma fram og slutta å stikka hovudet i sanden».

Først så tenkte vi at denne utsegna egentleg var ei fornærming. Når venstreleiarer føler at lærarane likevel må ut av sandkassane så treng det ei forklaring. Truleg har den godaste Kjell Yri rett!

Lærarane har vorte borte og eg vil ikkje påstå at det er verken godt eller gale. Men saka er at etter at vi fekk nytt inntektssystem for 12-14 år sidan så fekk lærarane nye overordna, KS, og alt skulle bli så mykje betre! Lokaladministrasjon og lokale politikarar måtte kunne gjera alt betre enn staten og skulen og lærarane sine overføringar ville vel gjera ein utruleg skilnad i den slukne KS-sekken?

Åra vi har bak oss vart verre enn pessimistane trudde. Staten sine forhandlarar er lure, og når lokal administrasjon og politikarar følgde opp på same måte vart det ille. Det har vorte svelteforing og nedtur eller omvendt både for skular og tilsette.

Ganske kort tid etter overføringa frå Staten til KS så fekk vi i Kvinnherad noko som heiter «kommunikasjonsreglar». Det var no viktig at vi kommunikasjonen skulle utviklast mellom dei tilsett. Resultatet vart eit omfattande og truleg kostbart kursopplegg. Det har minka av med kurs i etterkant for lærargruppa. Eg kan ikkje sjå at «kommunikasjonsreglane» oppmuntrar til kommunikasjon. God kontakt mellom folket på grunnplanet og leiinga er viktig for ei verksemd. Kvinnherad har her heller 13 silar som blokkerer for fornuftig meningsutveksling. Slikt skapar meir polarisering og maktkamp også mellom bygdene, ein liten elite veit best?

Har forresten alle avdelingar i kommunen slike kommunikasjonsreglar? T.d. Kvinnherad Energi? Spørsmålet er om grunnplanet får del i det som angår dei før det er for seint? Korte tidsfristar kan like gjerne hemma som fremja den «gode sak». Er det snakk om god «kommunikasjon» i kommunen då? Kan det ikkje like snart vera snakk om eit direktiv?

Venstre er eit viktig parti. Verda er ikkje enkel, særleg når ting har hast. Då er det ikkje rart at vi ikkje er heilt med når «toget går?»

Sandkassar er elles ein ypperleg stad for dei som likar det. Nett no er dei vel kalde og frosne. Men i denne kommunen så har vi så mykje meir å visa fram for spreke skuleborn. Her har vi natur jamgod med nokon nasjonalpark nesten kor vi snur oss.

Vi er ikkje sikre på at vi får så mange morgonfriske born i framtida etter lange bussturar? Så kjære politikarar. Vi ser de er veldig opptekne av den nye «cityen» i kommunen. Det er sikkert viktig, men håpar de også vil kjempa for alle «småbyane» i kommunen. At det er framtidshåp og optimistar også i bygdebyane må då vera gull, også for kommunekassen. Men då må ungdomane som skal busetja kommunen vera på same lag som dykk?

**For tilsette ved Uskedalen skule
Terje Helleland**